

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 71

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Utsira

Emne: Gifteferdig Ungdom

Bygdelag:

Oppskr. av: Thoralf Kvalvik

Gard: Kvalvik

(adresse): Utsira

G.nr. 31 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): <sup>Eiga røynsle</sup>

## SVAR

1. Før i tida og fram til pålag førti femti år sida, såg ein helst at døttrene fann seg gifte i heimbygda. Gutane var det mindre nögje med, men likevel tolde <sup>ikke</sup> gutane - at utanbygds karar fekk chance med gjentene som höyrde bygda til. I vårsildsesongane brukte her å vera mykje tilreisande ungdom som gjerne såg etter eit høveleg fylgje, mest for å gapast og ha moro med gjentene. Dette toldest lite av gutane som höyrde bygda til, slik at det sumtid bruktest vondord, av og til slosting.

Det var og er om kveldane - laurdag og sundag etter at det er myrkt, ungdomen driv ut for å lufta seg, og i dei nemnde fiskesesongane heldt gjentene seg mest inne, dei tolde lite gå ut medan "fiskestrabben" - almuen var her, dei tok det att i overmål etter at fiske var slutt og dei framande farne.

I dette er vorte eit brigde, gjentene er ikkje meir so reservert, dei tek chancen og stikk út ein tur når det høver.

2. Ein såg helst at borna vart buande heime, og utferd til andre stader enn Amerika var det lite av før i tida. No er det andleis, straks dei er konfirmera fer dei ut, ikkje til Amerika men til ymse stader innanriks.

3. Nokon rangskilnad har her ikkje vore. Ibruarane har på jamnen vore eins, men det var no likevel so ei tid at strandsitjarane såg helst døttrene sine gifte til dei som hadde gardsbruk. Eit gardsbruk var slitsamt, men likevel den tryggaste leveveg jamsides fiske. Dette er og heilt omsnudd no, ikkje noko yrke gjev so lite att for slite som bondeyrke, difor vil helst ingen ha gardsbruk og attpå er då yrke ikkje fint nok i den tida me no lever i.

- 4. Å ja, men helst döttr.
- 5. Ein meiner at dei unge har stade fritt i val av giftarmål. Rett nok kunne det vera ei missnöye i sume höve, men ikkje meir enn at dei unge fekk sjölv råd. Ein har ikkje höyrd om nokon som har måtte gjeve avkall på sin hjartanskjær skuld rangvilje av foreldra.
- 6. Har ikkje höyrd noko om det.
- 7. Ikkje i ålvor, men kanskje i spøk.
- 8. Kjenner ikkje til det.
- 9. Kjenner ikkje til det.
- 10. Fram gjenom tida har det vore mykje inngifte. Mange ektepar er det av syskenbarn og endå fleire av tremenningar, men når det ber so langt ut som til firmenningar, er det vel fåe som håttar på at dei er i slegt. Skyldskapsgifte er det noko av endå, men ikkje so mykje som det var för. Gjentene fær jamnast ut or bygda, difor må karane sjå seg om etter gifte andre stader.
- 11. Har ikkje höyrd noko om det, men det er ting som tyder på, at den overdrivne inngiftinga har mindre god konsekvens.
- 12. Har ikkje höyrd om det.
- 13. Kjenner ikkje til det.
- 14. Har ikkje höyrd om det, men kan likevel tenkjast det vert gjort.
- 15. Kjenner ikkje til det.
- 16. Bygda er lita, alle kjenner kvarandre, at nokon prøve i kva den einskilde dugde til, skulde ikkje trengjast. Ein har ikkje höyrd noko om det der.
- 17. Det ein veit har det ingen skilnad vore i so måte.
- 18. Kjenner ikkje til det, men likevel godt truleg.
- 19. Det er då guten som går i friarferd, gjenta kan då taka imot eller avslå tilbodet. Sumtid høver det vel og at gjenta har inga val, vil ho gifta seg får ho ta til takke med den ho får, noko som av og til treffer at ein gut og må gjera, om det ikkje nettop er nokon som byd seg.
- 20. Har ikkje höyrd noko om det.
- 21. Kjenner ikkje til det.
- 22. Ukjent.
- 23. I røynda må ein vel helst segja at gutar og gjenter går meir saman no enn det dei gjorde för. För var <sup>der</sup> ~~tom~~ å gjera halda sovore duld, difor gjekk dei ikkje saman parvis medan det var dagsljøs, det var fyrst etter det vart mørkt ein kunne ta den vågnaden. I større fylgje toldest dagsljøset betre. No er det meir so at gutar og

8122

gjenter går meir saman, i folkeskulen t.d. kan gutane leika saman med gjentene, noko ein ikkje fann høveleg för i tida. Truleg er det difor at det fell lettare no for dei unge å fria når dei kjem so langt dei ser seg om etter ein make, dei er ikkje meir so blygvorne som dei var för.

24. Forbodet av 1778 har dei visseleg ikkje brydd seg stort om, for det er vanskeleg å halda fram eit sovore ærend minders å måtte "flagda" difor har då mørke natta alltid vore den mest laglege tid med sovore, ein held og fram med det.

25. Truleg nyttar ein bae nemningane.

26. Ein får segja som gjenta ho vart spurd om ho hadde friar: "Ja, men han meiner då visst ikkje noko med det." Ein laupar meiner ikkje noko med det, kanskje berre ein prøve på korleis han vert motteken av gjenta, ein friar derimot meiner det gjerne alvorleg.

27. Var det ein som lurde på å prøve lukka hjå ei gjenta, men torde på ein måte ikkje ta vågnaden, tok han gjerne ein med seg fyrste gongen, og vart dei vel mottekne var det tryggar å gå åleine seinare. Er dei fleire enn to i lag, vert det nærmast det ein må kalla lauparar, dei meiner ikkje noko med det. Eit ordtöke omsett frå engelsk: "To er eit lag, medan tri er kö".

28. Konfirmert måtte dei sjölvsagd vera, og endå om ein var liten av vekst, kunne dei eldre gjera narr av barnet som var ute i friing.

29. Grenda ligg avstengd, til vanleg treng ikkje gutane ottast tevling utanbygds frå, men grenda er og lita, at når det gjeld friing vert ho ikkje avgrensa, alt går då under eit.

30. Ikkje nokon skilnad på det.

31. Det har ein ikkje høyrd noko om.

32. Grenda er lita, noko skil i visse strok vert det ikkje.

33. Går saman.

34. Ein kjenner ikkje til det.

35. Det er laurdag og sundagskveldane ein går på friing. Går ein då yrkeskveldane attåt, vil det segja at temperaturen er i högste laget. Fredagskvelden er gudskelovskvelden - då får ein ja.

36. Noko forbod har ein ikkje høyrd om det har vore, ein stod og står fritt etter som det høver ein.

- 4
37. Ein gjekk og går kvar som helst det høver.
  38. Det gjer ein, men det mest vanlege er å fylgja etter gjenta då ho er på veg heim om kvelden.
  39. Ein kjenner ikkje til det.
  40. Gjenta med fylgje gjekk ikkje heim før foreldra hadde lagd seg, om kvelden, difor var det mykje om å gjera at ein for stille fram. Foreldra måtte helst ikkje vita om at dottera hadde friarar med seg heim, både dotter og friar ottast foreldra.
  41. Det kunne vera so ymse med det, sumtid vel og sumtid lite vel eller so måteleg.
  42. Var dei mange i lag, fekk dei ikkje koma inn, det var då opplagd at det berre var på gaukeri erende var.
  43. Det hövde kanskje dei hadde sukker eller sukkerty med seg, men det var då ingen regel som gav mothug om ein ikkje hadde.
  44. Yttarst sjeldan, helst ikkje.
  45. Det veit ein ikkje noko om.
  46. Var dei mange i lag vart vitjinga stutt, var det berre ein kunne vitjinga drygja ut både lenge og vel, kanskje fram mot tida folk tenkjer seg stå opp til ny dag.
  47. Var det ein i laget som meinte friinga alvorleg, vart det etter hans ynskje å verta att åleine. Det gav han høve til å bera fram sitt ynskjemål.
  48. Det vert etter som det høver. Er det so ein veit om at gjenta har fast fylgje, bryd ingen seg om å skip- la hugnaden deira.
  49. Ein prøver alltid å halda sovore löynd.
  50. Skynar ein friar han ingen chance har med gjenta, sluttar han straks, elles kan det vera so ymse, sume kan gå både lenge og vel - gjerne i årevis, medan andre - skuld tilhöve får bråhast med å gifta seg. Som sagt kan det vera so ymse med det.
  51. Nokon fast regel for det, var og er det ikkje, kanskje sume gjev noko medan dei fleste ikkje gjer det. Før var det sagt dei gav kvarandre ein venskapsring som teikn på truloving, ein ring med plate eller kulört stein i. Seinare kom so den ordinære glatte giftingen i gull, når det at giftinga stod nære for. Dette med venskapsting er visst på det næraste slutt på å gje kvarandre, no er det meir brukt å byta giftingar straks ein er trulova og gå med den som synleg teikn

på truloving og tiltenkt giftarmål.

52. Nokon av dei han tidligare hadde havt lag med, har ein lita tru på vilde gjera eit fantestykkje, det måtte i so fall vera halvvaksne gutar som kunne ha morø av noko sovore.

53. Det har ein ikkje høyrd noko om var brukt.

54. Kjenner ikkje til det.

55. Ukjent. 56. Ukjent

57. Sætrar har me ikkje, men om ein hadde vil ein tru at bae måtar vilde høve.

58. Ein kunne nok, men ein finn det lite høveleg og helst ikkje brukt.

59. Uhöyrd

60. Ein stansar lite opp på kyrkjegarden, når ein rekk fram til kyrkja er det tid å gå inn, og etter at gudstenesta er slutt, skundar ein seg heim kvar til seg.

För i tida var det vistnok brukt at intereserte stoppa opp for å lyda på mogeleg meldingar frå lensmannen.

61. Gjentene må venta, det er ingen gjenter som sjölv går og friar.

62. Det der er noko me ikkje kjenner til.

63. Kjenner ikkje til det.

64. Kyrkjevegen er stutt, det er ingen som treng om å kvila, aller minst dei unge.

65. Ingen leikestad ved kyrkja.

66. Nei.

67. Det var vanlege gjestebød jul, påske, pinse, ved barnedåp, konfirmasjon - kanskje, brudlaup og gravferd.

68. Dei korkje måtte eller gjorde det, og dans var det ikkje i andre gjestebod enn i brudlaup.

69. Har ikkje høyrd noko om det der.

70. Har ikkje høyrd om det.

71. Ukjent.

72. Ukjent.

73. Ukjent.

74. Utanom brudlaup, var dans i gjestebod ikkje brukt.

75. Kven som helst har høve til å gå i auksjonar, noko dans var<sup>er</sup> det ikkje brukt å ha der.

76. Det har ein ikkje noko av her.

77. Kjenner ikkje til det.

78. Kjenner ikkje til det, lite truleg.

79. Ukjent.

80. Kjenner ikkje ~~ikke~~ til det.

81. Ukjent.

- 82. Ukjent.
- 83. Kjenner ikkje til det.
- 84. Ukjent.
- 85. Ukjent.
- 86. Ikkje det ein veit.
- 87. Ukjent.

88. Det er gamal skikk at born gjer lag i pinsehelga og sjemtar seg med matstell. Dei dreg då av til ein stad som ligg fritt og avsides busete - helst i utmarka, der koka dei seg kaffi og leikar seg på barnevis. Mykje brukt var det för at ein prøvde ape til med brudlaup i soverne höve, men jamnast var det vanskeleg få nokon å vera brudepar - serleg brudgom, alle so skjemdest dei ved det, men av og til lukkast det med dei minste i flokken.

Denne måten å leika seg på, er visst gått av mote no, ein höyrer ikkje meir til det.

- 89. Har ikkje noko av det.
- 90. Det höver sumtid dei dreg ut på fisketur.
- 91. Sundagane om våren var det mykje brukt för at ungdomen leika med å slå ball. Den leiken er det helst slutt på no, no er det fotball som er det gjevaste, men det er då berre gutar som driv på med det. Truleg kan det vera av interesse og skal det difor nemnast, at her er det vanleg ~~at~~ å kalla tree ein slår ballen med ei "selta", eit ord - rettare nemning<sup>som</sup> ingen innflyttar kjenn-er til frå si heimbygd.
- 92. Ikkje noko av det her.
- 93. Ikkje för. Kanskje er det litt av det nå.
- 94. Gutar og gjenter treffes på hovudvegen sundag- og laurdagskveldane. Dei går i lag kvar for seg, gjentene fremst og gutane etter.
- 95. Ikkje andre enn konene som på fastsette dagar har möte i "kvinneforeningar", der dei maska og syr ting dei seiare lodda ut i basarar til innkoma for ein eller annan misjon. Elles driv ein gjerne ut i vitjing utan å vera beden, sundag eler hølgedags-ettermiddagane når det höver. Det treffer og ein herremann gjer snarvisitt sundagföremiddag når det er godveret og huga på ei samkome.
- 96. Dette fell mest lagleg om våren. Om vinteren er dei fleste av mannfolka reist burt i fiske, og konene legg tida til vitjing ettermiddagane, anten det er helg eller yrkedag.

- 97. Kveldsæte på gardane i omgang, har me ikkje.
- 98. Har ikkje høyrd om det.
- 99. Kjenner ikkje til det.
- 100. Det var då i brudlaup at dansen gjekk for seg.  
Andre tider var det lite av det.
- 101. Vilde ungdomen ha dans, tok dei seg uloves eit sjö-  
hus til det. Matstell var det ikkje.
- 102. Det var ikkje mange som kunne spela, difor tok den  
som kunne det på seg.
- 103. Det vart inga utgifter til anna enn skosolane, dei  
som spela gjorde det gratis. Var det fleire som kunne spela  
skiftest dei åt.
- 104. Lite truleg det var dansemoro för den tid.
- 105. Vintersport er kjelkebakken og på isen (klakjen)  
med skeiser. Det vert i grunnen lite vintersport, snö  
og frost har me lite av.
- 106. Dei kunne vera der utan serskilt löyve av nokon,  
men jamnast var ynskje deira å vera toeina ein stad.
- 107. Alle var eins i so måte.
- 108. Ingen skilnad på det.
- 109. Det er truleg sume foreldre grip inn når borna går  
i dans og drikkarlag, og er det då av religiöse og sosi-  
ale grunnar.
- 110. Ikkje minders dei sjölv var tvilrådig, tok dei dette  
som ei avgjerd og heldt seg burte, elles ikkje. Ungdomen  
var sjölvrådig för og endå meir no.
- 111. Har ikkje høyrd om det.
- 112. Ukjent.
- 113. Har ikkje høyrd om det.
- 114. Ukjent.
- 115. Ukjent.
- 116. Ukjent.
- 117. Ukjent.
- 118. Ukjent.
- 119. Ukjent.
- 120. Ukjent.
- 121. Ukjent.
- 122. Ukjent.
- 123. Kjenner ikkje til det.
- 124. Ukjent.
- 125. Ukjent.
- 126. Ukjent.
- 127. Ukjent.
- 128. Ein segjer gjentene har lov å fria i heile skotåret.